

## **Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen** **onsdag 18. februar 2015, kl. 18.00 – 22.05**

Det møtte 34 årsmøtedeltakarar med røyterett og 4 utan røyterett.

### **Sak 1 Velkomen / opning**

Torbjørn Lauen ønska velkomen til årsmøtet i 10-årsjubileumsåret for laget, året der me feirar at Gimle er 100 år, og det er 50 år sidan me overtok Fensal. Årsmøtet heldt eitt minutt stilla for heiderslem Rønnaug Risa Bakke og alle andre medlemar som gjekk bort i året som gjekk.

Kvedargruppa song: *Svensk kaffivise og Møllervisa frå Telemark.*

### **Sak 2 Konstituering**

Torbjørn Lauen gjekk gjennom:

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut til alle medlemar den 17.01.15

**Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.**

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut til alle medlemar den 17.01.15. Det vil verta framhald av årsmøtet 25. mars, der rekneskap og budsjett vert saker.

**Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.**

2.3 val av ordstyrarar

**Vedtak: Siv H. Erstad og Hanna K. Hekkelstrand**

Ordstyrarane overtok og gjekk gjennom:

2.4 val av skrivarar

**Vedtak: Astrid Sirnes og Gro Vetås**

2.5 val av protokollunderskrivarar

**Vedtak: Martin Nessen og Marit Kvamen**

2.6 val av teljekorps

**Vedtak: Endre Kleiveland og Knut Malkenes**

### **Sak 3 Årsmelding for 2014 og oppsummering av arbeidsprogram 2013 - 2014 for Bergen ungdomslag Ervingen**

Sigrid Ølmheim la fram årsmeldinga for styret. Ho peika på mykje aktivitet i laget, med to nye særila; Skostredet spøt- og slarv, og Kvedargruppa i Bergen. Vidare fortald ho at teatergruppa BULEskit vart nedlagt i 2014, då medlemane der syntes det var vanskeleg med organisering og økonomistyring. Ei ny teatergruppe er i startfaste no i 2015. I tillegg til dei faste aktivitetane i laget, har ein hatt mange einskild tilskipingar i 2014 – og styret trakk særleg fram Prøysen-festen, integreringsprosjektet som enda i framsyninga «Grunn!» under opninga av Bergen internasjonale musikkfestival og samarbeid med koret Konsonans. Det har vore bra samarbeid både internt og eksternt i året som gjekk.

Styret ser med bekymring på at medlemstalet er fallande, og jobbar med å få økonomi og organisasjons struktur på plass. I året som gjekk har styret også arbeidd med å få laga ei ny lagsfane, men dette er lagt på vent, grunna økonomi.

Frå arbeidsprogrammet 2013-2014 nemner styret arbeidet med fokus på barn og unge, der det har vore hytteturar og kurs. Arbeidet med ny organisasjons struktur har teke mykje tid og at laget har fått ny heimeside. Av samarbeidsprosjekt trekkjer styret

fram integreringsprosjektet med ungdomsgruppa, Peer Gynt framsyninga, koret sitt samarbeid med Konsonans og ulike lagsmøte for markering av diverse jubileums år.

Årsmøtet fekk ei munnleg melding frå Ervingen Lagsbruk AS ved Øystein Erstad: I 2014 utvida hotella verksemda med hotell «Ole Bull hotell» som er eit deleigd datterselskap til Hordaheimen. I tillegg driv dei Sandviken Brygge hotell. Hotellet har ein samla omsetnad på om lag 50 millionar men gjev diverre berre eit lite overskot på om lag 1,3 millionar. Dette er ei svak avkastning, og målet er å betra innteninga i 2015. Direktør for alle tre hotellselskapa er Bjarte Bergesen.

Øystein gjekk gjennom strukturen i selskapet, og kven som sit i dei ulike styra i moderselskapet og under selskapa.

Ervingen Eigedom har ein omsetnad på 5,5, millionar, og eit resultat 650.000,-  
Ervingen Kulturhus har ein omsetnad på om lag 3,7 millionar, og eit resultat på om lag 200.000,-

Ein er i gang med ei omfattande oppgradering av fasaden i Gimle, samt at det er planlagd vesentlege utbetringar av huset.

Alt er førebelse tal, då rekneskapen ikkje er klar før i april.

Avtale om utbytte til laget er endra, og obligasjonen er auka frå 10 til 15 millionar. Laget får 5% rente, som utgjer kr. 750.000,- som vert utbetalt i løpet av 2015.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Sigrid Ølmheim og Øystein Erstad.

Tilråding frå Rådet den 10.02.15: Rådet tilrår godkjenning av årsmeldinga.

**Vedtak:**

- a. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2014 for laget.
- b. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen Lagsbruk AS til vitande.
- c. Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.

#### **Sak 4 Rekneskap for 2014**

Borghild Opdahl la fram saka for styret. Rekneskapen er ikkje klar enno, men vert lagt fram på framhald av årsmøtet 25. mars. Styret ynskjer at det er årsmøtet som godkjenner rekneskapen, ikkje Rådet, difor ynskjer dei framhald av årsmøtet.

Borghild la fram rekneskapen for fonds- og eignedomsstyret. Fondsrekneskapen for 2014 låg ved årsmøtepapira. Renteutbetalinga av obligasjonen vert ikkje lenger KPI-justert før utbetaling. Rentene på obligasjonen har auka. § 3 og §6.2 i føresegner for reservefondet må endrast slik at den samsvarar med dagens praksis, og teksten i obligasjonsavtalen.

Tidlegare har obligasjonen vorte KPI-justert av Ervingen Lagsbruk før utbetaling. Dette er ikkje gjort i år, og ein treng å revidera lovene, slik at dei i samsvar med obligasjonen. Difor treng ein framhald av årsmøtet, med sakspapir utsending ein månad i førekant. Ein kan difor ikkje vedta rekneskapen i dag, i samsvar med lovene.

Rådet skriv den 10.02.15: *Rekneskapen var ikkje ferdig, og vert å senda direkte til årsmøtet eller til første rådsmøte etter dette.*

Tilråding frå Rådet den 10.02.15: Rådet tilrår rekneskapen for fond- og eigedom 2014.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Halvor Røyset, Frode Myhra, Astrid Sirnes, Borghild Opdahl, Øystein Erstad, Brit Sørland, Stig Vaular og Knut Malkenes. Revisorane har sett på drifta av laget, lover og føresegner, og dei er bekymra for manglande økonomistyring i løpet av året.

#### **Vedtak:**

- |  |
|--|
| <p>a. Handsaming av rekneskapen for 2014 vert gjort på framhald av årsmøtet 25. mars 2015.</p> <p>b. Handsaming av rekneskap for fonda vert gjort på framhald av årsmøtet 25. mars 2015.</p> |
|--|

Årsmøtet song «Nordmannen»»

#### **Sak 5 Endring av lov og styringsføresegner**

Øyvind Vatshelle la fram saka for styret. Sakspapira vart send ut til alle medlemene 17.01.15 som er meir enn ein månad før årsmøte, i tråd med lovene til laget. Styringsføresegnene for laget kan endrast av eit årsmøte med vanleg fleirtal, medan lovene krev 2/3 fleirtal. Øyvind gjekk gjennom følgjebrevet til saka først.

Tilråding frå Rådet den 10.02.15:

#### **LOV FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN**

#### **§ 4 STYRE OG RÅD**

1. *Rådet rår til at det kjem fram i paragrafen at det skal vera ein leiar i Rådet.*
2. *Der må vera 2/3 fleirtal for å endra lova. For å endre styringsføresegner trengst berre simpelt fleirtal. Eit fleirtal på 3 av 5 i Rådet rår frå at Rådet sine oppgåver skal fjernast frå lova og berre stå i styringsføresegnene.*

## **STYRINGSFØRESEGNER FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN**

### **§ 3 Arsmøtet**

*Rådet rår frå at Fonds- og Eigedomsstyret og Rådet vert slege saman (jf. § 5 i referatet), og rår difor òg frå at teksten «fonds- og eigedomsstyre» vert fjerna frå paragrafen.*

*Rådet tilrår styret sitt framlegg om å fjerna teksten «representantar til rådet i Bygdelagsnemnda» frå paragrafen, fordi dette vert følgt opp av lagsstyret.*

### **§ 4 Styret**

*Rådet tilrår styret sitt framlegg til endring av § 4.*

- 1. At styret skal ha leiar, nestleiar, økonomiansvarleg, PR- og rekrutteringsansvarleg og tilskipingsansvarleg.*
- 2. At tekst om ansvar og drift av eigedomen Eidsholmen vert flytt frå § 7 Fonds- og eigedomsstyret.*

### **§ 5 Rådet**

*Rådet har diskutert styret sitt framlegg om å slå saman Fonds- og Eigedomsstyret og Rådet, og verknaden av dette på arbeidet i det nye Rådet, som m.a. meir restriktive avstemmingsreglar, mindre nyansert handsaming, og blanding av roller som forvaltning, tilsyn og kontroll.*

*Rådet kan dertil ikkje sjå at der er vesentlege føremonar med samanslåinga, og rår frå styret sitt framlegg om endring av paragrafen.*

### **§ 6 Særlag og nemnder**

- 1. Rådet tilrår styret sitt framlegg om å ta ut siste del av teksten under avsnittet «Barnelaget», frå og med « dertil 2 foreldrerepresentantar, og 2 medlemmer valde av barna.....Ervingen» og setja inn teksten «Desse må enten vera medlemmer av laget eller føresette for barn i barnelaget.»*
- 2. Rådet tilrår styret sitt framlegg om å dela opp Spelemannslaget i to nye særlag; nemleg «Audhilds» og «Juniorspelemannslaget». Rådet tilrår òg at ein er konsekvent og nyttar namnet «Audhilds» i den nye teksten i staden for det gamle namnet «Spelemannslaget».*
- 3. Rådet tilrår styret sitt framlegg om å fjerna Blad og Blestnemnda frå styringsføresegnene, ref. styret si grunngjeving.*
- 4. Rådet tilrår styret sitt framlegg om å stryka teksten «og er underlagt Fonds- og eigedomsstyret» i punktet for Hyttenemnda.*
- 5. Rådet tilrår styret sitt framlegg om å ta inn eit eige punkt om «Kvedargruppa».*
- 6. Rådet tilrår styret sitt framlegg om å ta inn eit eige punkt om «Skostredet spøt og slarv».*

### **§ 7 Fonds- og eigedomsstyret**

- 1. Rådet tilrår ikkje styret sitt framlegg om å ta bort paragrafen, og leggja Fonds- og eigedomsstyret sine oppgåver til Rådet, jf. § 5 i referatet.*
- 2. Rådet tilrår styret sitt framlegg om å flytta avsnitta om eigedomen Eidsholmen til § 4 Styret, jf. den same paragrafen i referatet.*

### **§§ 8, 9 og 10**

*Då Rådet ikkje tilrår at § 7 vert teken bort, kan Rådet heller ikkje tilrår at desse paragrafane vert endra.*

### **FØRESEGNER FOR BERGEN UNGDOMSLAG ERVINGEN SITT RESERVEFOND**

*Då Rådet ikkje tilrår at Fonds- og eigedomsstyret vert slått saman med Rådet, kan Rådet ikkje tilrår styret sitt framlegg om endring av desse føresegnene.*

*Rådet har ikkje drøfta sjølve endringsframlegget, men nokre av dei føreslegne endringane er tekne med i diskusjonane om Rådet og Fonds- og eigedomsstyret.*

Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Lauen, Øystein Erstad, Borghild Opdahl, Brit Sørland, Halvor Røyset, Torgrim Ljones, Sigrid Ølmheim, Stig Vaular, Nina Blågestad, Endre Kleiveland, Frode Myhra, Ole Ekornes, Øyvind Vatshelle, Astrid Sirnes, Gunn Inger Sture, Sissel-Ingunn Nordstad og Renate Nilsen.

Framlegg om utsetjing, frå Øystein Erstad:

Framlegg om å utsetja den delen av saka som gjeld Rådet og fonds- og eigedomsstyret, til framhald av årsmøtet 25. mars. Styret ber nokre medleamar om å koma med eit revidert framlegg.

**Vedtak: Samrøystes vedteke å utsetja den delen av saka som omhandlar Rådet og fonds- og eigedomsstyret. Årsmøtet vedtok at styret kan kunngjera sakspapira ei veke på førehand, om dei ein månad tidlegare sender ut informasjon til medlemmane om at det kjem ei justert utgåve av saka.**

Årsmøtet tok matpause kl 20.40 – 21.05

## Vedtak:

- a. **Samrøystes vedteke å utsetja den delen av saka som omhandlar Rådet og fonds- og eigedomsstyret. Årsmøtet vedtok at styret kan kunngjera sakspapira ei veke på førehand, om dei ein måned tidlegare sender ut informasjon til medlemane om at det kjem ei justert utgåve av saka.**

Styringsføresegner:

Endring av tekst i §3 Årsmøtet (mot to røyster)

**Årsmøte og omframtr årsmøte skal haldast og kunngjerast i samsvar med § 3 i lagslova. Innkalling med sakliste skal sendast kvar einskild medlem. Berre saker som står på saklista kan takast opp til avgjerd på årsmøtet.**

**Årsmøtet vel: Lagsstyre og leiar i lagsstyret, råd og leiar i rådet, styre for særslag og nemnder, fonds- og eigedomsstyre, ettersynsfolk, valnemnd, og gjer elles alle val som årsmøtet pålegg. Dei særlege verv i lagsstyret og rådet som kjem fram i styringsføresegnene skal veljast av årsmøtet.**

**Årsmøtet vel også utsendingar til årsmøta i Noregs Mållag, Hordaland Mållag, Noregs Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag.**

Endring av tekst; frist for innsending av årsmelding, §6 Særslag og nemnder.

**Kvart år skal særslag og nemnder senda årsmelding til lagsstyret**

Nytt punkt i føresegnene under §4 Styret (mot to røyster).

**Styret skal ha leiar, nestleiar, økonomiansvarleg, PR- og rekrutteringsansvarleg og tilskipingsansvarleg.**

Endring av tekst, §6 Særslag og nemnder

**Barnelaget skal driva med lagsaktivitetar tilpassa for barn. Foreldra bør ta del i arbeidet, og ein må syta for samkome der foreldra kan vera til stades. Styret i barnelaget skal ha leiar og 2 medlemmer. Desse må enten vera medlemmer i laget eller føresette for barn i barnelaget.**

Fjerna punktet om Spelmannslaget, og erstatta med:

**Audhilds skal ha som føremål å dyrke og ta vare på dei lokale speltradisjonane. Audhilds skal drive opplæringsarbeid, vera ein møteplass for spelemenn og ta opp spørsmål som er aktuelle for dette arbeidsfeltet. Medlemene i særslaget skal vera medlemmer av FolkOrg. Styret skal ha leiar og 2 medlemmer. Leiar er kontaktperson til FolkOrg.**

**Juniorspelemannslaget skal driva spelemannslag for barn med tilhøyrande opplæringsarbeid. Medlemene i særslaget skal vera medlemmer av FolkOrg. Styret skal ha leiar og 2 medlemmer. Desse må anten vera medlemmer i laget eller føresette for barn i juniorspelemannslaget. Leiar er kontaktperson til FolkOrg.**

Kvedargruppa skal arbeida med vokal folkemusikk. Kvedargruppa skal styrast av ein eller fleire medlemmer frå gruppa, og vel desse sjølve.

Skostredet spøt og slarv skal vera ein møteplass for medlemmar i laget. Skostredet.

b. Lagslova

§4 Styre og Råd

Laget har eit styre med 1 leiar og minst 4 medlemmer med minst 2 varamedlemmer. Laget har eit råd med 1 leiar og 6 medlemmer med 3 varamedlemmer. Rådet skal følgja med i alle økonomiske spørsmål som vedkjem laget, ha tilsyn med laget sine eigneluter og elles vera eit rådgjevande og kontrollerande organ for laget.

Styret sitt framlegg om å ta ut Rådet sine oppgåver frå lova fall med 26 mot 8 røyster.

c. Framlegg til revidert lov for Reservefondet vert lagt fram på framhald av årsmøtet, 25. mars 2015. Innkalling og sakspapir til dette vert send alle medlemmane ein månad på førehand, slik lovene seier. Handsaming av endring lov for Reservefondet vert gjort på framhald av årsmøtet 25. mars 2015.

## Sak 6 Arbeidsprogram 2015-2016

Marianne Pedersen la fram saka for styret.

Ingen ynska ordet i saka.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek framlegg til arbeidsprogram for 2015 - 2016.

## Sak 7 Budsjett 2015

Borghild Opdahl la fram saka for styret. Det er laga to ulike framlegg til budsjett, ut frå om endringsframlegget i §3 og §6.2, i høve KPI-justering, i styringsføresegner for Reservefondet vert vedteke eller ikkje på framhald av årsmøtet.

Rådet skriv den 10.02.15: *Budsjett for laget 2015 var sett opp utan at rekneskaperen for Fond og Eigedom var klart. Lagsstyret ønskte å arbeida vidare med budsjetta i lys av dei nye tala frå Fonds- og eigedom, og fekk budsjettet i retur.*

Tilråding frå Rådet 10.02.15: *Rådet tilrår budsjett for fond- og eigedomsstyret 2015.*

Ingen ynska ordet i saka.

Vedtak:

- a. Handsaming av budsjett for 2015 vert gjort på framhald av årsmøtet 25. mars 2015.
- b. Handsaming av budsjett for 2015 for Reservefondet vert gjort på framhald av årsmøtet 25. mars 2015.

## **Sak 8 Medlemspengar 2016**

Torbjørn Lauen la fram saka for styret.

Tilråding frå Rådet 10.02.15 *Rådet tilrår styret sitt framlegg for medlemspengar 2016.*

Desse hadde ordet i saka: Sissel-Ingunn Nordstad, Ole Ekornes og Sigrid Ølmheim.

### **Vedtak:**

#### **Medlemspengar 2016:**

<b>Vaksne</b>	<b>kr 700</b>
<b>Barn og ungdom t.o.m. 26 år</b>	<b>kr 500</b>

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvinga i laget; kr. 300,- pr. år. (150,- pr halvår)

Lagsstyret sitt framlegg til medlemspengar for 2016 blir vedteke.

## **Sak 9 Fråsegner**

Ingen innkomne fråsegner.

## **Sak 10 Innkomne saker**

Ingen innkomne fråsegner.



## Sak 11 Val

Gunn Inger Sture la fram saka frå valnemnda.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Halvor Røyset, Borghild Opdahl og Torbjørn Lauen.

### Vedtak:

<b>Lagsstyret</b>		
Leiar	Torbjørn Bergwitz Lauen	attval, 1 år
Tilskipingsansvarleg	Marianne Pedersen	ikkje på val, 1 år att
PR- og blestingas ansvarleg	Kjersti Johanne Nybø	ny, 2 år
Nestleiar	Borghild Marie Opdahl	suppleringsval, 1 år
Økonomiansvarleg	Eva M. Langaas	ny, 2 år
Varamedlem	John McShane	attval, 1 år
Varamedlem	Rigmor Nesheim Vaular	attval, 1 år
Varamedlem	Nina Blågestad	ny, 1 år
<b>Folkedanslaget</b>		
Leiar	Mari Skjerdal Lysne	attval, 1 år
Medlem	Eva Brita Åkerlund	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Marit Kvamen	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Brynjulf Langballe	attval, 2 år
Medlem	Renathe Nilsen	ny, 2 år
<b>Ungdomsgruppa</b>		
Medlem	Karoline Liland	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Borghild Marie Opdahl	attval, 2 år
Medlem	Janis Ann Hofmann	ny, 2 år
<b>Barnelaget</b>		
Leiar		ny, 1 år
Medlem		ny, 2 år
Medlem		suppleringsval, 1 år
<b>Kor e Tonen</b>		
Medlem	Hjørdis Maria Longva	ny, 1 år
Medlem	Silje Søviknes	suppleringsval, 1 år
Medlem	Knut Arne Vedaa	ny, 2 år
Vara		ny, 1 år
Vara		ny, 1 år
<b>Juniorspelmanslaget</b>		
Medlem	Sissel Ingunn Nordstad	attval, 2 år
Medlem	Torbjørn Haukås	ny, 1 år

Medlem	Monika Antun	ny, 2 år
<b>Audhilds</b>		
Medlem	Anette Hopsdal	suppleringsval, 1 år
Medlem	Johanne Mjøs	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Solfrid Gjuvsland	ny, 2 år
<b>Hyttenevnda</b>		
Medlem	Knut Malkenes	attval, 2 år
Medlem	Berit H. Lappegård	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Hans Nyeggen	attval, 2 år
<b>Ettersyn</b>		
	Halvor Røyset	attval, 1 år
	Eldbjørg Gunnarson	ny, 1 år
Vara	Einar Moberg Heggland	attval, 1 år
<b>Selsvikklubben</b>	Bente Birkeland	attval, 1 år
<b>Utendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.</b>		

Val av Rådet og Fonds- og eigedomsstyret

**Vedtak:** Årsmøtet utset valet av Rådet og fonds- og eigedomsstyret til framhald av årsmøtet, 25. mars.

Val av styre i barnelaget: Det er pr i dag liten aktivitet i barnelaget og valnemnda har ikkje lukkast i å skaffa tillitsvalde.

**Vedtak:** Årsmøtet pålegg styret å jobba med dette, særlaget og å ev skaffa dei tillitsvalde som manglar.

Val av styre i koret. Koret mangla to vara medlemmar.

**Vedtak:** Koret finn varafolk sjølve.

Val av valnemnda. Valnemnda mangla to medlemmar.

**Vedtak:** Val av valnemnda vert utsett til framhald av årsmøtet 25. mars.

Årsmøtet song «*Tytebæret*».

Torbjørn takka av Øyvind Vatshelle, Sigrid Ølmheim og Inger Johanna Bolstad som går ut av lagsstyret.

Årsmøtet tok pause til 25. mars.

\_\_\_\_\_  
Martin Nessen

\_\_\_\_\_  
Marit Kvamen

Det møtte 15 med røysterett og 3 utan.

Bergen ungdomslag Ervingen, referat frå årsmøte 18. februar 2015 og framhald av årsmøtet 25. mars 2015

## Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen onsdag 25. mars 2015, kl. 18.00 – 19.40

Ordstyrar Hanna K. Hekkelstrand ønska velkommen og gjekk laus på saklista.

### Sak 4 Rekneskap for 2014

Hanna innleia saka og refererte frå rådsmøtet, samt las revisjonsmeldinga. Torbjørn frå styret snakka om rekneskapen, og kommenterte revisormeldinga. Revisor Halvor Røyset fortalde om revisjonsprosessen. Rekneskapen som vart lagt fram er ikkje heilt ferdig, og revisorane kunne ikkje tilrå at årsmøtet godkjenner lagsrekneskapen, og ba om at omframt årsmøte vert kalla inn til når Rådet har handsama revidert rekneskap. Frode Myra frå fond- og egedomsstyret gjekk gjennom fondsrekneskapen, og fortalde om tilleggsavtalen om renteutbytte. Det vart skissert nokre ulike løysingar på korleis laget kan få overføring på 750.000 også i 2015.

Rådet skriv 17.03.15:

- Rekneskapen var ikkje ferdig, og vert å senda direkte til årsmøtet eller til første rådsmøte etter at det er ferdig og revidert.
- Etter at det synte seg at obligasjonen på 15 mill. ikkje kunne gjennomførast i denne omgangen, måtte rekneskapen for fond og eigedom gjerast om. Den nye rekneskapen var ikkje klar til å leggjast fram for Rådet. Skal leggjast direkte fram for årsmøtet ferdig revidert.

Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Lauen, Halvor Røyset, Torgrim Ljones, Frode Myhra, Stig Vaular og Astrid Sirnes.

Vedtak:

- Årsmøtet tok meldinga frå revisorane til vitande, og godkjende ikkje lagsrekneskapen for 2014. Styret kallar inn til omframt årsmøte når rådet har handsama revidert rekneskap. (For: 11, mot: 4).
- Årsmøtet godkjenner fondsrekneskapen for 2014. (Samrøystes vedteke).

### Sak 5 Endring av lov og styringsføresegner

Ordstyrar Hanna fortalde at sakspapira opphaveleg vart send ut til alle medlemene 17.01.15 som er meir enn ein måned før årsmøte, i tråd med lovene til laget. Redaksjonsnemnda som vart sett ned av årsmøtet 18. februar (Halvor Røyset, Øystein Erstad og Øyvind Vatshelle) arbeidde fram eit nytt framlegg til endring av styringsføresegner. Dette vart send ut 25. februar, som er ein måned før framhald av årsmøtet. Styringsføresegnene for laget kan endrast av eit årsmøte med vanleg fleirtal, medan lovene krev 2/3 fleirtal.

Torbjørn frå styret innleia, og fortalde om styrevedtak, 12.03.15, Sak 36/15: Framlegg til endringar i lover og føresegner

- Styret drøfta framlegget til redaksjonsnemnda, samt innspel frå Frode Myhra. Styret meiner at det bør gjennomarbeidast meir, for å bli betre, og at ingen av framlegga kjem til å vera noko årsmøtet vil godkjenna.

*Vedtak: Styret trekkjer framlegget sitt, og ber årsmøtet setja ned ei nemnd som jobbar med endring av lov og føresegner fram mot årsmøte 2016. Framlegg til nemnd er: Borghild Opdahl, Halvor Røyset og Eli Randmo.*

Styrevedtak, 12.03.15, Sak 36/15: Framlegg til endring i føresegner for Reservefondet

Vedtak: Styret går inn for å endra §3 og §6.2, slik det ligg føre i dei utsende papira.

Tilråding frå Rådet, 17.03.15:

- Rådet tilrår styret sitt framlegg om å setja ned ei nemnd som jobbar med endring av lov og føresegner fram mot årsmøte 2016, og rår av same grunn frå at årsmøtet vedtek redaksjonsnemnda sitt framlegg til nye styringsføresegner.
- Rådet rår til at endringane (Reservefondet) vert utsett til seinare, når forholda kring auke av obligasjonen til 15 mill. kroner er klara av, og formålet med endringane let seg gjennomføra i praksis.

Desse hadde ordet i saka: Frode Myra, Halvor Røyset, Stig Vaular, Torgrim Ljones, Brit Sørland, Gunn Inger Sture, Rigmor N. Vaular og Astrid Sirnes.

Ingen på årsmøtet ynska å oppretthalda framlegga frå styret og redaksjonsnemnda. Årsmøtet meinte at dersom styret ynskjer å sjå på endring av lover og føresegner i fram mot årsmøtet 2016, så står dei fritt til det, og til å setja ned ei nemnda for å jobba med det.

Styret trakk også framlegget sitt om endringar i føresegner Reservefondet, då det kom inn framlegg til sak 7, budsjett 2015, som gjer at ein kan ta ut det utbytte som styret har budsjettert med i 2015. (750.000,-)

Dermed var det ikkje noko vedtak som skulle gjerast i denne saka.

## **Sak 7 Budsjett 2015**

Ordstyrar Siv fortalde om *styrevedtak, 12.03.15, Sak 36/15: Budsjett 2015*

- Det viser seg at det er gjort ein feil på generalforsamlinga til Ervingen Lagsbruk i høve utbytteavtale med BUL. Ein kan ikkje ta utbytte av selskap som går i underskot. For at BUL skal få eit utbytte på 750.000 også i 2014, er framlegget frå fonds- og eigedomsstyret å skriva ein tilleggsavtale for aktuelt år, men ei rente på 7,5%. Revisor sjekkar med skattemyndigheitene om dette let seg gjera, då marknadsrenta er rundt 4%. Avtalen er alt underskriven.

Vedtak: Lagsstyret justerer overføring frå Reservefondet så snart storleiken på overføringa er endeleg bestemd. Reduksjon i overføring frå fond vil føra til ei tilsvarande reduksjon i budsjettert overskot.

Tilråding frå Rådet 17.03.15:

- Etter å ha vurdert situasjonen rundt obligasjonane og tilleggsavtale om høgare rentefot fann Rådet å kunna tilrå det første alternativet.

Torbjørn la fram budsjettet for styret, som ba årsmøtet om å vedta budsjett alt. 1. Torgrim Ljones kom med eit framlegg til vedtak i saka: «KPI-regulering av obligasjonen i reservefondet, kr. 209.000,- i rekneskapen for Reservefondet for 2014 vert å overføra til lagsrekneskapen for 2015».

Desse hadde ordet i saka: Halvor Røyset og Torgrim Ljones.

### Framlegg til vedtak:

- a. KPI-regulering av obligasjonen i reservefondet , kr. 209.000,- i rekneskapen for Reservefondet for 2014 vert å overføra til lagsrekneskapen for 2015.
- b. Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til budsjett alternativ 1 for 2015.
- c. Årsmøtet godkjenner budsjett for 2015 for Reservefondet

### Sak 11 Val

Ordstyrar Siv fortalde at på årsmøtet 18. februar vart det ikkje gjort følgande val; Rådet / fonds- og eigedomsstyret, teaternemnda, Gimlingane og valnemnda.

Styrevedtak, 12.03.15, Sak 36/15: Val av teaternemnd og Gimlingane

*Vedtak: Styret ber årsmøte gje styret får fullmakt til å peike ut nemndsmedlemmar til teaterlaget og Gimlingane etter trong.*

Gunn Inger Sture la fram saka frå valnemnda.

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson.

### Vedtak:

- a. Årsmøte gjev styret får fullmakt til å peike ut nemndsmedlemmar til teaterlaget og Gimlingane etter trong. Samrøystes.


### Vedtak:


<b>Rådet</b>		
Leiar	Stig Vaular	på val, 1 år
Medlem	Aud Fjeld	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ole Ekornes	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Eli Randmo	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Henry Myrdal	på val, 2 år
Medlem	Stig Indrebø	på val, 2 år
Medlem	Ingunn Skjelvan	på val, 2 år
Varamedlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø	på val, 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	på val, 1 år
Varamedlem	Hilde Hovland Erstad	på val, 1 år
<b>Fond- og eigedomsstyret</b>		
Leiar	Frode Myhra	på val, 1 år
Medlem	Brit Sørland	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Torgrim Ljones	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Endre Kleiveland	på val, 2 år
Medlem	Arnvid Underlid	ny, 2 år
<b>Valnemnda</b>		
Leiar	Gunn Inger Sture	på val, 1 år

Medlem	Stig Indrebø	på val, 1 år
Medlem	Annbjørg Fadnes Kyrkjebø	på val, 1 år
Medlem	Martin Nessen	ny, 1 år
Medlem	Kjell Gudmund Søholt	ny, 1 år

Årsmøtet song «Flaumen går», og Torbjørn Lauen takka av årsmøtet .

Årsmøtet slutt, klokka 19.40

  
 \_\_\_\_\_  
 Martin Nessen

  
 \_\_\_\_\_  
 Marit Kvamen